


Sakshandsamar  
Svein Heggheim, tlf 57 67 60 75

Vår dato  
28.04.2006  
Dykkar dato  
07.03.06

Vår referanse  
06/433 - 1943/06  
Dykkar referanse  
200602472

Kunnskapsdepartementet  
Att: Liv Vågslid  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo



## Fråsegn til ny del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet, "Prinsipper for opplæringen", frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Forslaget til ny del II omhandlar mange av dei same grunnleggjande tankane som alt er med i den generelle delen i læreplanen. Vi stiller oss likevel positive til at det kjem inn ein ny del II i læreplanverket, ettersom "Prinsipper for opplæringen" sterkare fangar opp ein del aktuelle nasjonale og internasjonale utfordringar for skolen.

### Vi ser positivt på desse sidene ved utkastet:

1. Det blir lagt vekt på at "Prinsipper for opplæringen" skal inngå i grunnlaget for å vidareutvikle kvaliteten i grunnopplæringen og for systematisk vurdering av skole og lærebedrift". Dette legg grunnlag for ei breiare og djupare skolevurdering enn det nasjonale vurderingssystemet staten har arbeidd med siste åra gjennom Nasjonale prøver og Skoleporten.
2. Utkastet til "Prinsipper for opplæringen" legg i sterkare grad enn den generelle delen av læreplanverket vekt på:
  - Læringsstrategiar
  - Lærande skolar
  - Entreprenørskap
  - Innsyn i dei endringar som skje i nærings- og arbeidslivet
  - Fysisk aktivitet
  - Det kulturelle og etniske mangfald norsk skole vil møte dei komande åra
  - Ein skole som skal ha ambisjonar på elevane sine vegne, gi dei utfordringar å bryne seg på og mål og strekke seg etter
  - Tydleggjering av lærarrolla
3. Det blir i teksten lagt vekt på at "Bestemmelsene om spesialundervisning kommer til anvendelse når det er behov for en mer omfattende tilpassing enn den som kan gis innefor den ordinære opplæringen". Dette ser vi på som ei stadfesting av at Kunnskapsdepartementet er innstilt på å legge vekt på omgrepet 'spesialundervisning' - noko det våren 2005 blei reist tvil om gjennom Ot. Prop. 57 (2004-2005) der det blei foreslått omfattande lovendringar innan spesialundervisning.

Vår dato  
28.04.2006Vår referanse  
06/433 - 1943/06Vi meiner utkastet kan bli sterkare på dette punktet:

## 1. "Tilpassa opplæring og likeverdige muligheter"

Denne delen av forslaget framstiller i for sterk grad tilpassa opplæring som ei spørsmål om individualisering i forholdet mellom elev og lærar. Tilpassa opplæring bør i sterkare grad framstillast i forhold til lærestaden sine føresetnader for og evner til å skape eit differensiert pedagogisk tilbod. Omgrepet 'differensiering' bør vektleggjast slik det er gjort i Stortingsmelding nr. 30, kap. 8, og i det omfattande 'Differensieringsprosjektet' som har vore gjennomført i Norge. Møreforskning har også nyleg gitt ut ein forskingsrapport om tilpassa opplæring (Bachman og Haug 2006) som støttar opp under eit slikt syn.

Med helsing

Svein Heggheim  
dekanSolfrid Kjøberg  
rådgjevar